

Pasientar og besøkjande



Handhygiene- Alltid reine hender



Kvifor?

- Handhygiene hindrar overføring av smitte.
- Det reduserer eigen og andre sin risiko for å få ein infeksjon.

Når?

- Når du går inn eller ut av eit pasientrom eller ei avdeling.
- Før du et eller handterer mat.
- Etter du har berørt bandasjer, bleier, kateter eller liknande.
- Etter at du har vore på toalettet.
- Etter at du har hosta, nyst i hendene, eller pussa nasen.

Korleis?

- Det fins handdesinfeksjon fleire stadar i avdelinga som alle kan nytte.
- Bruk tilstrekkeleg med handdesinfeksjonsmiddel og fordel godt på begge hender. Gni hendene tørre.
- Handvask med såpe og vatn er det beste alternativet etter toalettbesøk eller dersom hendene er synleg skitne.
- Spør gjerne personalet om hjelp.